

Sauer og geiter beitar på innmarka like til jul.

01.12.2020



Geiter beitar i safig hå like til jul.

Snittemperaturen i november har vore høg. Dertil ha det vore mykje nedbør. Det som kunne vore tredjeslåtten for mange bønder, vart safig og godt beite for sauер og geiter. På Myklebust og på Leite er det meste av arealet nedbeita slik det skal vera før frosten set inn.

Det er teikn på godt naboskap og samarbeid når bøndene hjelper kvarandre med beite og for. Fyrste slåtten var god i år. Andreslåtten var ikkje optimal. Det, som kunne vorte tredjeslåtten, kom på ei tid med mykje regn og dermed blaute bakkar. Dermed var det vanskeleg å koma utpå med store maskinar. Det meste vart ståande att. Det vart såleis ei god løysing at dei med sauер og geiter fekk nytt seg av arealet.

Det var fektisk ein føemon at graset vart beita ned og ikkje vart stående att som sen og dermed kjem i foret ved haustinga til sommaren. Om ikkje foret har den beste kvaliteten, har beitinga ført til auka vekt på både sauер og geiter.

Uskedalen.no kjenner ikkje nok til om dette har vore ein uvanleg haust for nedbeiting. Det er noko redaksjonen gjerne ynskjer meir kunnskap om.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Sauene likar seg på innmarka til Runar Myklebust på Myklebust.